

Språkleg sjølvord

Den 15. februar kunne ein lese på side 18 i HA at nokon hadde «tatt selvmord» – «Hendelsen kunne vært unngått med rett behandling». Men kva er rett behandling for å unngå at enkelte prøver å ta livet av språket vårt?



JENS HAUGAN,
Høgskolen i Hedmark

DEBATT

Det eg tek opp i dag, handlar igjen om språkleg bevisstheit. Språk er i utgangspunktet eit system av teken (lydar/bokstavar og ord) som medlønmane i eit språksamfunn på ein eller annan måte har blitt einige om å tillegge ei eller anna form for meningsinnhald. Tilordninga av meining til dei ulike teikna (orda) er meir eller mindre vilkåleg. Det vil seie at det ikkje er tingene i seg sjølv som bestemmer kva han skal heite. Det er språkbrukarane som finn på namn og uttrykk. I praksis

er det sjøvsagt ofte ein viss logisk samanheng. Eit bord heiter t.d. bord fordi «hovudidentiteten» til bordet er sjølve bordflata som består av bord, dvs. trefjøl. Sånn sett går det an å sjå samanhengen mellom ulike ord og uttrykk. Men før eller seinare kjem ein til ei grunntyding som ein ikkje kan følgje lenger tilbake, og denne grunntydinga er ein meir eller mindre tilfeldig lyd-/bokstavkombinasjon laga av språkbrukarane for å vise til ein bestemt ting eller eit meir abstrakt forhold.

Flere ulike ting

Når det gjeld eit ord som «bord», vil dei fleste vere med på at dette ordet kan vise til fleire ulike ting. Eit bord er ein konstruksjon med tre eller fire bein som ein t.d. kan seije koppar og tallerkenar opp på, jf. «middagsbord». Men eit bord kan også vere ein planke, ei fjøl, av tre. Det er klart at eit bord i utgangspunktet er laga av tre. Eit «arbeidsbord» kan derimot også vere laga av metall eller plast.

Den opphavlege tydinga kan altså komme i bakgrunnen etter kvart som eit ord inngår i nye samanhengar. Sidan det er språkbruket som er det sentrale, og ikkje

sjølve kombinasjonen av lydar/teken, er det ikkje alltid så viktig om ein forstår grunntydinga til eit ord. Dei fleste veit t.d. kva ein «fembøring» er; det er ein spesiell type båt. Det er i dag ikkje så viktig å vite at det faktisk er snakk om ein «fembørding», dvs. ein båt laga av fem bordplankar. Mange vil altså forbinde ordet «fembøring» med ein type båt utan å tenkje meir på sjølve grunninnhaldet i ordet. Dette er eit døme på at den språklege bevisstheita kan bli svekka i ulike samanhengar. Vi har elles også ord som «plastglas», sjølv om eit plastbeger naturleg nok ikkje består av glas. Ordet «glas» har fått utvida tydinga si og kan generelt stå for ein ting som ein kan drikke av.

Innhald eller funksjon

Kvart ord i språket vårt har ei eller anna form for innhald eller funksjon. Vi snakkar derfor i grammatikken om innhalds- og funksjonsord. Innhaldsord er dei ord som viser til eitt eller anna ein kan peike på eller snakke om, mens funksjonsord først og fremst oppfyller ein grammatisk funksjon, t.d. ord som og, men, fordi. Vi har sett at grunntydinga til ord kan forsvinne ut av bevisstheita til språk-

brukaren. Dette gjeld også for uttrykk bestående av fleire ord. Eit uttrykk som «på grunn av» blir gjerne forkorta til «pga».

I eit slikt uttrykk blir dei enkelte orda ofte underordna. Dette er også grunnen til at fleire og fleire seier «med hensyn på» istf. «med hensyn til», sjølv om dei færaste nok ville seie at ein må «ta hensyn på leseren». Sidan preposisjonar først og fremst er funksjonsord, er det ikkje rart at ein kan byte ut ein preposisjon med ein annan utan at ein tenker bevisst over det. Men når ein blandar saman uttrykk med innhaldsord, t.d. verb, kan resultatet ofte bli litt meir merkeleg.

Ikkje den einaste

Journalisten i HA er ikkje den einaste som seier/skriv «å ta sjølv-mord». Eit enkelt søk på Google gjev over 20.000 oppslag på «tatt selvmord». Dei same språkbrukarane som seier eller skriv at nokon tek sjølv-mord, ville derimot neppe seie eller skrive at nokon har «teke mordo». Eit mord er ei handling; det er noko ein gjer eller eventuelt begår (bokmål). Det er altså ikkje slik at ein tek sjølv-mord, men ein tek livet av seg sjølv. Her er det tydelig at to uttrykk har smelta saman,

og at innhaldet til dei enkelte orda i uttrykket har komme i bakgrunnen. «Alle» skjønner jo at nokon har teke livet av seg når det står at vedkommande har «teke sjølv-mord».

Når «alle» skjønner det, er for så vidt kravet til kommunikasjon oppfylt. Og det er gjerne slik folk argumenter: du skjønner jo kva eg meiner; korfor skal du mase sånn om grammatikk då? Av same grunn har mange byrja å seie/skrive «stille spørsmålsteikn ved» når dei eigentleg burde stille spørsmål eller seije spørsmålsteikn. Det kryr av slike samanhendingar i språket vårt, men det tyder ikkje at vi utan vidare skal godta dei. Dersom ein tenkjer litt meir over det «eigentlege» innhaldet i dei ein seier og skriv, vil ein kanskje kunne ta litt betre vare på språket. Og så slepp ein kanskje å lure på om det er språkbrukaren eller språklæraren som «tek språkfeil».

Debatt er siden for debattinnlegg, kronikker, kommentarer og analyser. Innleggene skal være på maksimalt 850 ord.

HA forbeholder seg retten til å forkorte.